



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033	17/416

### BESØK AV EINING: RUS OG PSYKIATRI

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram om orienteringa om rus og psykiatri til orientering.

#### Kontrollutvalet - Sak 11/2017

#### KONT - Behandling:

##### Folkehelse og Familie

Einingsleiar for Folkehelse og Famile orienterte.

##### *Organisasjonskart*

Under Einingsleiar:

- Legekontor
- Ergoterapeut
- Fysioterapeut
- NAV -Vaksdal introsenter
- Barnevern
- Rus og psykiatri
- Helsestasjon/skolehelsetjeneste

- Visjon: best mogleg livskvalitet
- Omfattar alle aldersgrupper
- God pasientflyt/flyt mellom tenestene settes høyt
- Prøver å lære av andre kommuner: ideer og innspel
- Er ansvarleg for Vaksdal introsenter: integrering, bosetting og kvalifisering av flyktninger
- Har komplekse saker som treng fagleg dugleik. Har faglig ballast.
- Helsestasjon/skolehelsetjeneste: har fokus på forebyggende arbeid

Det jobbes med å samlokalisere helsestasjon og barnevern, då desse tenestene har relasjoner til kvarandre. Barnevernet har nå midlertidige lokaler.

På helsestasjonen er det kontor for fagleiar, jordmor, lege, psykiatrisk sjukepleier, helsesøster (2 kontor), samt eit fellesrom. Ergoterapeut/fysioterapeut og NAV har eigne kontorer.

## **Rus og psykiatri**

Fagleiar for rus/psykiatri orienterte.

- 3,05 årsverk i avdelinga
- 70-80 brukarar som hjelpes
- Ca 3 nye henvendelser i månaden
- Ca 25 personar med tunge psykiske lidingar
- Utfordringar på områdene alkohol, andre rusmidlar, økonomi
- Gruppetilbod: tirsdagsgruppe (sosialt), treningsgruppe (i samarbeid med fysioterapeutene), rusforebyggende gruppe; for «litt vaksne» .
- Avdelinga kan søke fagleg støtte hos psykologspesialist ved behov.
- Avdelinga har «internundervisning» der dei har samhandling mellom tenestene.
- Teknologi vert nytta som ein del av tilboden. Apper: «Min plan» (kriseplan for brukarane), «Drikkevett» (påminning om ein drikk for mykje)
- På internett er det også tilbod: «Moodgym» (adferdsterapi, anbefalt av Helsedpt.), og emeistring som er ein egen seksjon i Helse-Bergen.
- Det tilbys «mestringstreff». Dette er eit kommunalt gruppebasert diagnoseuavhengig lærings- og mestringstilbod for vaksne som lever med helseutfordringar
- Kommunen har eit psykososialt kriseteam. Dette er ein del av beredskapen til Vaksdal kommune, og består av 12 medlemer. Dei har eit tverrfagleg samarbeid.
- Rus/psykiatri har gode resultater på brukarundersøkelser. Her er det spesielt områda kompetanse, samarbeid og respektfull behandling dei får god tilbakemelding på.

Eit av medlemene spurde om boligsituasjonen for alkoholikare. Fagleiar for rus/psykiatri svarte at det er problemer med å skaffe bolig for dei. Det er NAV som jobbar med dette. I påvente av noe betre er det hospits som tilbys som mellombels løysing.

## **KONT - Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av rus og psykiatri til orientering.

## **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærmere kjent med forskjellige einingar i kommunen. Det er avtalt å bli nærmere kjent med rus og psykiatri.

Medlemene møter i kommunestyresalen kl 15.00. Der blir det gitt informasjon om Folkehelse og Famile v/einingsleder Silje-Iren N. Olsen, og fagleiar for rus/psykiatri Anne Karin Berge. Deretter blir det omvising i lokala i 1. etasje.